

Hallo i nedslagsfeltet!

No er eg nettopp komen heim to flotte veker i Spania! Fyrst var vi 10 dagar i ein by som heiter Sitges (like utanfor Barcelona), og avslutta med 4 dagar i Barcelona. I Sitges gjekk det mest i bading og soling, mens i Barcelona fekk vi meir sightseeing, sett meir i butikkar osv. Vi tok turistbuss rundt heile byen, og fekk sett mykje fint. I tillegg var vi i La Sagrada Família, Güell-parken, katedralen og i eit stort akvarium. Altso fekk vi sett mykje av det byen har å by på! Kjenner også at det var greitt å kome heim, varmen kan bli litt for mykje i lengda!





I morgon tek vi turen til Haukeliseter! Etter ei natt der, skal vi gå vidare innover Hardangervidda.

Planen er å gå til Hellevassbu, og deretter til Litlos. So tenkjer vi å ta ein dagstur til Hårteigen, eit veldig interessant og kult fjell. Eg har veldig lyst opp på toppen, men ettersom vi har med oss hund kan det bli litt vanskelig pga. bratt stigning og klatring. So går vi same vegen tilbake til Haukeli.

Fordi det ikkje er lov å ha med hund inn i hyttene, skal eg og Reidar ligge i telt! Det kjem til å bli koseleg.

Treninga går det ikkje so bra med for tida. Viss eg ser vekk i frå et par korte joggeturar i Spania, har eg ikkje trena skikkeleg på over to veker... Satsar på å kome sterkare tilbake etter at vi har vore på Hardangervidda!

Mi personlege form på ein skala frå 1 til 10 er i skrivande stund vurdert til:

7,3

- Andrea